



Fjordvarme

Referansebygg Sentrum Stasjon

Bygget

Sentrum Stasjon vart tatt i bruk 2004. Første etasje inneheld butikkar, andre etasje er innreidd til kontor medan tredje etasje har bustadar.

Bygget vart reist i ferdigstøpte betongelement og er isolasjonsmessig bygd etter 1997-normen.

Heile bygningen vart prosjektert og tilrettelagt for bruk av Fjordvarme med kjøling.

Dette er utført

I første etasje er det lagt varmerøyr i golvet. Grunna spesielle krav til ventilasjon, er det montert separat kjøleutstyr i den eine forretninga, medan dei andre i denne etasjen er kopla på eit felles kjøleanlegg.

Andre etasje er oppvarma ved hjelp av radiatorar. I tillegg er det montert kjøletak i heile denne etasjen.

I utlegebustadene i tredje etasje er det lagt varmerøyr i golva, men i denne etasjen er det førebels ikkje lagt opp til kjøling.

Sentrum Stasjon er forsynt med varme frå ei varmpumpe på 30 kW knytt til Fjordvarme-systemet. Denne er felles for heile bygget.

Kjølebatteri nyttar direkte kjøling slik at overskytande varme vert levert til fjordvarmenettet. Dette er ein svært enkel og billeg måte å framskaffe kjøling på.



Erfaringar

Sentrum Stasjon står fram som eit av dei nyaste og mest moderne næringsbygga i Eid sentrum. Så langt er erfaringane at inneklimate i bygget er svært godt.

Driftsutgiftene til varme, ventilasjon og kjøling ligg langt under kva dei ville ha gjort dersom bygget hadde vore utstyrt med direkte elektrisk oppvarming og kjølemaskin til å dekke kjølebehovet.



Einar Hildenes er ein av eigarane til Sentrum Stasjon.

Faktarute

Oppvarma areal:	992 m ²
Energi utan Fjordvarme:	161.000 kWh
Energi med Fjordvarme:	98.000 kWh
Innsparing:	63.000 kWh
Kostnadsreduksjon el*:	63.000 kr
Driftsgebyr Fjordvarme:	14.000 kr
Årleg innsparing:	49.000 kr

*Elprisen er sett til kr 1,00 pr. kWh.

Kontaktperson:

Einar Hildenes

nordfjordeid@rema.no